



REFERAT FRÅ	Strategiforum				
MØTELEIAR	Oddmund Sylta				
REFERENT	Gudrun Einbu				
MØTEDATO	18.05.2017	TID	12:00-14:00	MØTESTAD	Wigandgården, Bergen
REF. DATO		ARKIVSAK		ARKIVNR	
DELTAKARAR	<p>Roger Harketstad, Tide Stein Jakobsen, Tide Ronny Paulsen, NHO Transport Hordaland/Tide Nils Helle, Mebas Daniel Kvernøy, Gulenskyss Kari Ytreland, Norled Lars J. Engelsen, Norled Øystein Gullaksen, Nettbuss Bjørn Arne Eikås, Fjord1 Nils Moldbrekke, Boreal Odd Erik Hovde, Nobina Jan Volsdal, Nobina</p> <p>Oddmund Sylta, Skyss Hanne Alver Krum, Skyss Målfrid Vik Sønstabø, Skyss Karl Inge Nygård, Skyss Odd Harald Dommersnes, Skyss Frode Endresen, Skyss Einar Aalen Hunsager, Skyss (sak 3) Gudrun Einbu, Skyss (referent)</p>				

Referat fra strategiforum 18.05.2017

Oddmund Sylta ønsket velkommen, med en kort presentasjon av dagens agenda.

1. Systematisk arbeid med HMS

Fjord1 var inviterte til å halde innlegg om korleis dei arbeider med helse, miljø og sikkerhet. Innlegg v/Bjørn Arne Eikås, sikkerhetssjef. Sjå vedlagt presentasjon.

2. Sykkel-VM og planar for kollektivtrafikken

Skyss v/Oddmund Sylta orienterte om planlegging av kollektivtilbudet under sykkel-VM. Store delar av bykjernen blir stengt for trafikk, slik at dei alle fleste busslinjer blir berørt – men i ulik grad. Det vil bli benytta ekstra bussar for auka kapasitet til tilskodarar, og produksjonen på båt frå Askøy og Nordhordland blir auka. Det blir arbeidd med eigen risiko-



analyse for kollektivtrafikken. Skyss er avhengig av at andre aktører også gjennomfører tiltak for å kunne ivareta kollektiv, spesielt Bergen kommune og SVV med nye skiltplaner og infrastrukturtiltak. Skyss vil være representert i Bergen Kommune sitt samvirkesenter, som vil være bemanna frå kl. 6-22 kvar dag under heile arrangementet.

3. Temaplan for innføring av låg- og nullutsleppsteknologi for bussane i Hordaland

Skyss v/Målfrid Vik Sønstabø og Einar Aalen Hunsager orienterte om arbeidet med ein temaplan for innføring av låg- og nullutsleppsteknologi for bussar i Hordaland. Temaplanen skal setje ambisjonsnivå og retning for miljøkrav i kommande bussanbod. Hovudformålet er å utgreie teknisk muligheitsrom, gitt lokale forhold og kostnadsbilde. Arbeidet legg til grunn utvida trolleylinje til Laksevåg, og bruk av biogass frå Rådalen. Analyseresultat så langt peiker på tiltak med depotlading, lading på endehaldeplass og lading undervegs for ulike busslinjer. Temaplanen skal handsamast politisk i september/oktober.

Det kom innspill med ønske om tydeligere dialog med operatørene før politisk behandling.

4. Diverse orienteringssaker

Skyss v/Hanne Alver Krum orienterte om status i arbeidet med forenkla takstsoner. Skyss arbeider ut frå politisk vedtak om å førebu innføring av ny sonestruktur med sju soner. Ny sonestruktur vert innført i løpet av 2018, men dato er ikkje sett. Fylkestinget vil kome attende til finansiering av tiltaket i budsjettet for 2018.

Skyss v/Hanne Alver Krum orienterte om status i arbeidet med inntektssikring. Ny sak er under handsaming i det politiske systemet, som legg opp til at noverande modell for billettkontrollar blir vidareført. Det blir jobba med å «stramme opp» målsettingar og systematikk i billettkontrollane.

Skyss v/Målfrid Vik Sønstabø orienterte om arbeid med «trafikkplan båt». Arbeidet er starta opp på bakgrunn av politisk vedtak om strategisk arbeid med kollektivtrafikk på sjø. Føremålet med trafikkplanen vil vere todelt; utgreiing og anbefaling om framtidige båtsamband som bør vere i fylkeskommunal regi, og moglegheiter for å redusere utslepp frå båttrafikken gjennom lav- og nullutsleppsteknologi. Skyss ble oppfordret til dialog med operatørene for å få faglige innspill.

5. Eventuelt

Ingen saker.

6. Innspill til agenda/evaluering



Godt innhold i dagens møte. God veksling mellom innlegg og sikkerhet, dagsaktuelt og langsiktige planer.

Høstens møte i strategiforum planlegges **19. oktober 2017, kl. 12-14**. Saker kan meldes inn til Gudrun Einbu på gudrun.einbu@skyss.no.